



**NØGDE KARAR.** Kjetil Lerfall skal leige jord hjå Torgeir Moe (t.h.) og satsar som fruktbonde Leif Øie, Hardanger Fjordfrukt, og DyrkSmart-general Sjur Ove Svartveit er glade for at folk vil satsa, at folk vil leiga vekk i staden for at jorda ligg brakk og at kulturlandskapet slikt vert halde i hevd – og det er mogleg å møte etterspurnaden etter meir frukt. Mål: doble volumet i løpet av få år.

# Leiger jord, satsar på frukt

– Helse og alder gjer at eg gir meg. Eg er svært nøgd med at Kjetil no vil leiga jorda. Det er godt den vert halden i hevd.

**METTE BLEKEN**  
mette@hardanger-folkeblad.no

Seier Torgeir Moe, som har skrivne leigekontakt med Kjetil Lerfall, fersk som bonde på Alsåker, og med ambisjon om ei akseptabel årsinntekt av fruktdyrking.

## Satsar

Med 28 effektive mål på kona sin odelsgard og 12 effektive på Moe sin gard på Vines, to kilometer

unna, har stjørdalingen von å få det til. Han har allereie bygd presseri og tilbyr eplemost til eit utval kundar – og vegfarande på Fv 550.

## Smart

Prosjektleiar Sjur Ove Svartveit i DyrkSmart og Leif Øie, dagleg leiar på Hardanger Fjordfrukt, er glade for at prosjektmålet om leigejord no har bore frukt.

– Kontrakten mellom Moe og Lerfall er den fyrste, men det er fleire som no diskuterer liknande ordning, fortel dei.

Lerfall, som kom til Hardanger i 2011, tok formelt over innmarka hjå Moe i januar og har hogd ned morelltrea for å plante eple. Ei

rad moreller står rett nok att, etter ynskje frå Moe si kone Sonna som ville ha moreller til husbruk ein siste sesong.

Lerfall skal plante plommer på eit hogareliggjande felt, men her som på heimgarden er det eple som er hovudsatsinga. På Alsåker har han også litt plommer og moreller.

## Investerer

I løpet av ein fireårsperiode skal han investera 1,6 millionar i samband med rydding, tilrettelegging og planting. Innovasjon Norge har gjeve tilsegn om rydde- og plantetilskot.

Fornyng, auka kompetanse og optimisme for framtida er

mellom det DyrkSmart vil bidra til – og dobling av produksjonen.

## Ikkje nok

Norske produsentar kan ikkje levere nok frukt og bær til å dekkja dagens etterspurnad. Mange dyrkarar ynskjer meir areal. Gardbrukarar som vil gi seg og ikkje har folk til å ta over, kan leige vekk jorda.

– Ein klar vinn-vinnsituasjon, påpeiker Øie og Svartveit. Moe og Lerfall nikkar samtykkjande.

– Ein må tenke langsiktig, og vår standard leigekontrakt er på 25 år, med moglegheit for gjensidig oppseiing etter ti år, seier Svartveit.

– Dei som har jord dei vil leige

bort, kan kontakta fruktlageret dei høyrer til og som gjerne formidlar det til aktuelle leietakarar, seier Øie.

Primært er det areal som er eller kan bli «traktorland» som står på ynskelista til DyrkSmart-prosjektet.

Medarbeidarane kjem til å halde fram med gardsbesøk i haust for å informera og gje råd til brukarane.

På garden til Mo, gler pensjonisten seg til å sjå aktivitet på bakkane og nyte utsikta mot fjorden. Den har i hans (morell) tid vore skjerna av dei stor trea.

Og Lerfall som no skal driva både på Alsåker og Vines, gler seg til å satsa som fruktdyrkar.

**GRATIS motor og fjernkontroll**  
- ved kjøp av terrassemarkise

**VI FORTSETTER SALGSSUKSESSEN**  
Tilbudet gjelder ut august!

Gratis befaring: ☎ 04990

**SCANDIC**  
MARKISER PERSIENNER INTERIØR

[www.scandic.no](http://www.scandic.no)



**LEIGER BORT.** Torgeir Mo i stigen er glad Kjetil Lerfall vil drive jorda og satsa på frukt. – Eg er utsliten, men han er ung og det er nye driftsmetodar no, seier Mo.



**NY TID.** Stubben etter mor ell-tre. Her kjem epletre.



**ETTERSURDE.** Det vert ei stund til det k an haustast moreller på garden til Torgeir Mo på Vines igjen. Snart er det eple på feltet bak han.